



STRYN KOMMUNE

Kommunedelplan helse- og sosial

Stryn kommune
2026-2030


Innhold

1. Innleiing	3
1.1 Forankring i kommuneplanens samfunnsdel.....	5
1.2 Omgrepsavklaringar	5
1.3 Innsatstrappa.....	7
2. Mål og strategiar.....	8
2.1 Overordnede mål for helse og omsorg.....	8
2.2 Delmål og tiltak	12
2.2.1 Delmål og tiltak innan mål A	12
2.2.2 Delmål og tiltak mål B	14
2.2.3 Delmål og tiltak mål C	18
3. Organisering og ressursbruk	19
4. Oppfølging	20

1. Innleiing

Kommunedelplanen for helse og sosial skal gi retning og prioriteringar for korleis Stryn kommune skal møte framtidas behov for helse- og omsorgstenester. Planen byggjer på eit kunnskapsgrunnlag som viser at kommunen står overfor store demografiske endringar, med fleire eldre og samansette behov i befolkninga.

Demografiendring, aldersbæreevne og korleis dette kan påvirke tenestilbodet er sentralt for å forstå kvifor vi må omstille oss no. Framskrivinga for befolkningstall for Stryn kommune ser slik ut:



Vi ser i grafen at talet på vaksne i arbeidsfør alder går ned i perioden, samstundes som talet på eldre over 67 år aukar. Framskrivinga viser òg at talet på barn vil gå noko ned frå i dag, men ligg an til å vere nokså stabilt frå rundt 2035.

Det er særleg forholdet mellom vaksne (20–66 år) og eldre (67+) vi må vere merksame på, sidan dette påverkar korleis vi kan planleggje og sikre nok kapasitet i tenestene framover.



Figuren over viser utviklinga i aldersbæreevna. Tala gjeld for Noreg, men Stryn ligg tett opp mot den same utviklinga. Figuren viser at talet på personar i yrkesaktiv alder samanlikna med talet på pensjonistar vil endre seg framover. I 2020 var det rundt fire personar i arbeid per pensjonist, medan det i 2050 berre vil vere i overkant av to.

Dette er ei utvikling vi må planleggje for. Når færre jobbar og fleire treng hjelp, vil evna til å levere gode tenester bli pressa. Det betyr at fleire vil ha behov for tenester enn det er folk til å yte dei.

Planen skal svare på:

- Korleis kommunen skal sikre gode og trygge tenester for alle innbyggjarar – heile livet.
- Korleis vi skal dimensjonere og utvikle bustadtilbodet, spesielt for eldre og personar med nedsett funksjonsevne.
- Korleis vi skal organisere tenestene for å møte auka behov med avgrensa ressursar.
- Korleis vi skal styrke førebygging, meistring og bruk av teknologi for å utsette behovet for omfattande tenester.

- Korleis vi skal sikre at alle barn og unge får støtte og tidleg hjelp til å meistre kvardagen

Denne kommunedelplanen skal sjåast i samanheng med andre relevante temaplanar, som ruspolitisk handlingsplan, bustadpolitisk handlingsplan og handlingsplan mot vald i nære relasjonar. Desse planane utdjupar og konkretiserer innsatsområde som er omtalt i denne planen, og saman skal dei bidra til ei heilskapleg og samordna tenesteutvikling.

Planen skal vere eit styringsverktøy for politiske og administrative avgjerder, og skal bidra til at Stryn kommune er ein god stad å bu – for alle, heile livet.

1.1 Forankring i kommuneplanens samfunnsdel

Kommunedelplanen for helse og sosial er tett forankra i kommuneplanen sin samfunnsdel «Fagre Stryn 2.0», og skal bidra til å realisere dei tre overordna samfunnsmåla:

- Stryn har levande og inkluderande lokalsamfunn
- Stryn har innbyggjarane lever aktive og sjølvstendige liv
- I Stryn har innbyggjarane gode og trygge liv – heile livet.

Planen følgjer opp strategiar for sosial berekraft, førebygging og meistring, og skal sikre at tenestene er rett dimensjonerte og tilpassa framtidige behov. Den skal også bidra til tidleg innsats for barn og unge som står i fare for å utvikle utfordringar knytt til samspel og trivsel. Kommunedelplanen er eit konkret verktøy for å omsetje samfunnsdelen sine mål til handling, og skal gi retning for prioriteringar og utvikling i helse- og sosialtenestene.

1.2 Omgrepsavklaringar

Omgrep	Definisjon
--------	------------


Omsorgsbustad	Tilrettelagt bustad for personar som har behov for helse og omsorgstenester. Mottek tenester frå heimetenestene etter behov. Typisk for eldre og andre personar med funksjonsnedsetting. Får oppfølging av fastlege. Betaler husleige og husleigelova gjeld. Husbanken dekker 40% av byggekostnadane. Stryn kommune har 54 slik bustadar i dag, med til dels dårleg standard.
Heildøgnsbemanna omsorgsbustad	Omsorgsbustad med personale tilgjengeleg heile døgnet. Typisk for personar som treng hjelp og tilsyn gjennom heile døgnet og som treng personale nær seg. Får oppfølging av fastlege. Betaler husleige og husleigelova gjeld. Husbanken dekker 40% av byggekostnadane. Stryn kommune har 40 slike omsorgsbustadar i dag, alle er knytt til Stryn omsorgssenter (avd. Symra og Kvisten)
Institusjonsplass	Institusjon er pleie og omsorgstenester til personar som ein vanskeleg kan gje nok hjelp i heimen. Langtidsopphald vert nytta til personar som har eit varig og omfattande behov for pleie og omsorg gjennom heile døgnet. Får oppfølging av tilsynslege. Ein nyttar også institusjonsplassar til rehabilitering og til personar med demens sjukdom. Det er eigne betalingsreglar for opphald i institusjon etter forskrift om eigenandel for kommunale helse og omsorgstenester. Husbanken dekker 50% av byggekostnadane. Stryn kommune har 31 plassar ved Stryn omsorgssenter og 23 plassar ved Vikane omsorgssenter.

1.3 Innsatstrappa

I planen er alle tiltak viste i innsatsstigen, både med farge og plassering. Innsatsstigen hjelper oss å sortere ulike typar hjelp kommunen tilbyr. Jo høgare opp i stigen eit tiltak ligg, jo meir ressurskrevjande er det. Målet er at flest mogleg får hjelp på dei lågaste trinna, slik at vi kan bruke ressursane våre godt og gi gode tenester til dei som treng mest hjelp øvst i stigen. Vi ønskjer derfor at flest mogleg skal kunne leve lengst mogleg nederst på stigen.

Innsatstrappa i Stryn kommune

Aktuelle tilbod eller tenester kan vere:



2. Mål og strategiar

2.1 Overordnede mål for helse og omsorg

Kommunen skal i planperioden svare ut tre hovedmål, disse er i neste kapittel delt opp i delmål – og konkrete tiltak for å nå måla er beskrevet i kapittel 3. Tiltakene i kapittel 3 blir gjenspeilet i Framsikt og i økonomiplanen – på denne måten kan vi følge opp måloppnåelse.

Alle tiltak i planen skal plasserast inn i riktig steg i innsatstrappa.

Dette er kommunens 3 hovedmål fram mot 2040 for Helse- og sosialetaten.

A	Stryn kommune skal tilby samordna og tilgjengelige tenester, med tidleg innsats og heilskapleg oppfølging for barn og unge og deira familiar.
----------	---

Grunngjeving for målformuleringa:

Stryn kommune har dei siste åra etablert og teke i bruk fleire kunnskapsbaserte tiltak for barn og unge, som TIBIR (Tidlig innsats for barn i risiko)¹, PMTO (Parent Management Training Oregon)², COS (Circle of Security)³ og ICDP (International Child Development Programme)⁴. Desse tiltaka har vist god effekt, og det er derfor viktig å vidareutvikle og samordne dei for å sikre heilskapleg og effektiv innsats.

¹ TIBIR (Tidleg innsats for barn i risiko) er eit førebyggjande program som gir foreldre og tenester verktøy til å støtte barn med begynnande åtferdsvanskar, og hinder at problema utviklar seg vidare.

² PMTO (Parent Management Training – Oregon) er ein forskningsbasert metode retta mot foreldre som skal styrkje samspelt mellom barn og foreldre. Programmet gir foreldre konkrete strategiar for å førebygge og redusere åtferdsvanskar hos barn gjennom positiv grensesetting, støtte og struktur i kvardagen.

³ COS (Circle of Security) er eit foreldrerett rettleiingsprogram som styrkjer tryggleik og tilknytning mellom barn og omsorgspersonar. Programmet hjelper foreldre å forstå barnets behov, fremje trygg utvikling og skape meir stabile og positive relasjonar i kvardagen.

⁴ ICDP (International Child Development Programme) er eit enkelt og ressursorientert rettleiingsprogram som styrkjer samspel mellom barn og vaksne. Programmet hjelper foreldre og andre omsorgspersonar å bli meir medvitne om barnet sine behov gjennom positivt, støttande og utviklingsfremjande samspel.

Behovet for dette målet er forankra i kunnskapsgrunnlaget som viser at fleire barn og unge i kommunen opplever utfordringar knytt til psykisk helse, samspel og meistring i kvardagen. Dette krev ei styrka og samordna innsats frå tenestene, og ei heilskapleg tilnærming som inkluderer både barna og deira familiar.

Tidleg innsats og heilskapleg oppfølging krev at kommunen tilbyr tilgjengelege og tilpassa tenester, som aktivitetstilbod, samtalerapi og heimebaserte tenester. Slike tiltak fremjar meistring, livskvalitet og førebyggjer meir omfattande hjelpebehov seinare i livet.

Vidare gir tverrfagleg samarbeid og bruk av digitale løysingar og velferdsteknologi kommunen gode verktøy for å sikre kvalitet, koordinering og kontinuerleg evaluering av tenestene. Dette legg til rette for meir samordna innsats og betre tilgjenge for barn, unge og deira familiar.

Vi ser at enkelte barn og unge fell utanfor dei kommunale tilboda i dag. I samarbeid med Helse Førde er det aktuelt å etablere eit FACT Ung-team saman med spesialisthelsetenesta (BUP). FACT Ung er eit tverrfagleg og oppsøkjande behandlingstilbod for ungdom med samansette utfordringar. Teamet gir koordinert støtte i kvardagen, med vekt på tidleg innsats, meistring, oppfølging av skule eller arbeid og tett samarbeid med familien og andre tenester.

Moglege indikatorer:

- **Deltaking i foreldrerettleiingsprogram og aktivitetstilbod som TIBIR, PMTO, COS og ICDP.**
- **Tal på gjennomførte tverrfaglege møter/team rundt barnet** mellom helsestasjon, skule og barnehage, barnevern, NAV og spesialisthelsetenesta.
- **Ventetid på tenester som psykisk helsehjelp, helsestasjon og barnevern – relevant for å måle tilgjengelegheit og tidleg innsats.**
- **Resultat frå UngData-undersøkingar**, som gir innsikt i levekår, trivsel og utfordringar blant barn og unge.
- **Elevundersøkingar**, som viser korleis elevane opplever skulemiljøet og den psykososiale støtta.
- **Kommunebarometeret**, som gir oversikt over kommunen si måloppnåing og kvalitet på tenester innan helse og oppvekst.
- **Tal på barn og unge med individuell plan (IP)** – kan indikere behov for koordinert innsats og oppfølging.
- **Tal på saker med samtykke til informasjonsdeling mellom tenester** – viser vilje og praksis for samhandling.
- **Oppfølging etter bekymringsmelding** – kor raskt og koordinert kommunen følgjer opp meldingar om barn i risiko.
- **Fråvær i skule og barnehage** – kan vere ein tidleg indikator på utfordringar i heimen eller psykisk helse.

- **Brukarundersøkelser og Norse-kartlegging**

B	Stryn kommune skal styrke helsefremmande og førebyggjande tenester for å fremje god helse, livskvalitet og meistring i befolkninga – og samtidig redusere behovet for omfattande og kostnadskrevjande helse- og omsorgstenester.
----------	--

Grunngjeving for målformuleringa:

Førebygging gir både økonomisk og helsemessig gevinst, og kan bidra til å redusere behovet for omfattande og ressurskrevjande tenester. Tenester som frisklivssentralen, ergoterapi, fysioterapi og velferdsteknologi er viktige verktøy i det førebyggjande arbeidet.

Frivilligheita og lågterskeltilbod bør integrerast i strategien for å nå ut til fleire og styrke det helsefremmande arbeidet. Personar med helseutfordringar har behov for både lågterskeltilbod og koordinert oppfølging, og dette krev god samhandling mellom tenestene.

Helsefremmande og førebyggjande tenester er også avgjerande for å redusere risikoen for rusavhengigheit, og dermed førebyggje alvorlege helseproblem, ulukker, vald, omsorgssvikt og andre sosiale utfordringar. Dette er både menneskeleg og økonomisk krevjande problemstillingar som kommunen må møte med tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid.

Det helsefremjande arbeidet skal vere i tråd med prinsippa i CRPD, og sikre at barn, unge og vaksne med nedsett funksjonsevne får likeverdige og tilgjengelege tenester som fremjar deltaking, meistring og god helse.

Moglege indikatorer:

- Antall brukarar av **frisklivssentralen**.
- Deltaking på opne treningsgrupper i regi av fysioterapeutane
- Antal brukarar av helsetasjon for ungdom, HFU
- Deltaking i **aktivitetstilbod og dagtilbod**.
- **Folkehelseprofilen** (levevanar, psykisk helse, sosial støtte)
- **Tal på personar som nyttar lågterskel psykisk helsetilbod** – viser tilgjenge og bruk av førebyggjande psykisk helsehjelp.
- **Dekningsgrad og ventetid for fysioterapi og ergoterapi** – gir innsikt i kapasitet og tilgjengelegheit.
- **Bruk av velferdsteknologi i heimebaserte tenester** – til dømes tryggleiksalarmar, medisinsk oppfølging, digitale treningsprogram.

- **Tal på helsefremmande tiltak i samarbeid med frivillige** – t.d. turgrupper, matkurs, sosial møteplassar.
- **Reduksjon i tal på innleggingar eller behov for omfattande tenester** – som indirekte effekt av førebygging.
- Tal på personar som nyttar kvardagsrehabilitering og rehabilitering på institusjon

C Stryn kommune skal **sikre tilstrekkeleg og tilpassa butilbod** for personar med behov for helse- og omsorgstenester, med vekt på **omsorgsbustader og styrking av heimetenestene**.

Grunngjeving for målformuleringa:

Framskrivingar viser sterk vekst i aldersgruppa 80 år og eldre fram mot 2050. Dette krev at kommunen planlegg for framtidige behov og tilpassar tenestene deretter.

Strategien om å redusere talet på institusjonsplassar inneber ei storstilt satsing på utbygging av omsorgsbustader og styrking av heimetenestene. Dette er nødvendig for å sikre at eldre får eit verdig og trygt tilbod, med tilstrekkeleg støtte og oppfølging.

God geografisk plassering av omsorgsbustader og effektiv bruk av velferdsteknologi er avgjerande for å sikre kvalitet, tryggleik og kostnadseffektiv drift av tenestene.

Moglege indikatorar:

- Antall nye omsorgsbustader etablert nær ein heimesjukepleiebase.
- Årsverk i heimebaserte tenester
- Bruk av velferdsteknologi i heimebaserte tenester.
- **Ventetid på omsorgsbustad** – gir innsikt i kapasitet og behov
- **Tal på brukarar med vedtak om heimebaserte tenester**
- **Brukarundersøkingar blant eldre** – opplevd kvalitet og tryggleik i bustad og tenester.

2.2 Delmål og tiltak

Delmål er typisk **langsiktige, strategiske underpunkt** som konkretiserer hovudmålet. Dei gir retning og prioritering, men er ikkje nødvendigvis direkte målbare eller tidfesta.

Tiltak er **konkrete handlingar** som skal gjennomførast. Dei bør vera tidfesta, kostnadsrekna og kunne følgjast opp i økonomiplan og årsmelding.

2.2.1 Delmål og tiltak innan mål A

A	Stryn kommune skal tilby samordna og tilgjengelege tenester, med tidleg innsats og heilskapleg oppfølging for barn og unge og deira familiar.					
Delmål	Nr.					
	A1	Stryn kommune skal styrke tidleg innsats og førebygging				
Tiltak	Nr.	Beskrivelse	Frist	Ansvar	Måleindikator	Trappa/Økonomi
	A1.1	Stryn kommune skal fortsette å styrke arbeidet som TIBIR-kommune (Tidleg innsats for barn i risiko) gjennom å utvikle «Foreldrestøtta» og sikre kompetanseheving innan førebyggjande arbeid for tilsette i barnehage, skule, flyktingtenesta og helsestasjon.	Løpande	Kommunalsjef helse og sosial og kommunalsjef oppvekst	Antall tilvisningar pr. år / alder til Foreldrestøtta. Antall bekymringsmeldingar til Barnevernet. Sertifiseringer pr. år i ulike avdelingar	1+2 / Drift + evt. tilskot
	A1.2	Videreutvikle og tilby foreldrerettleiing på ulike nivå (til dømes PMTO, COS og ICDP)	Løpande	Kommunalsjef helse og sosial	Deltakarar på kurs eller i behandlingsprogram	1+2 / drift
Delmål	Nr.					
	A2	Sikre heilskapleg og koordinert oppfølging				

Tiltak	Nr.	Beskrivelse	Frist	Ansvar		Trappa / økonomi
	A2.1	Vidareutvikle felles rutinar for informasjonsdeling og samhandling mellom tenester (barnevern, NAV, helsestasjon, skule, BUP). Til dømes gjennom "BTI (Betre tverrfagleg innsats)" eller liknande.	2027	Kommunedirektør	Tal saker der tverrfaglege rutinar vert nytta aktivt.	1 / drift + tilskot
	A2.2	Utrede tettare samarbeid mellom avlastningstenesta og skule/SFO – kan dei vera ein ressurs for kvarandre?	2027	Kommunedirektør	Faktisk utarbeid ei vurdering om mogleg tettare samarbeid mellom avlastningstenesta og skule/SFO	3 / drift
	A2.3	Sikre at barn som er pårørande til foresatte eller søsken som er ramma av alvorleg sjukdom får god oppfølging	2026	Kommunalsjef helse og sosial	Etablere gode rutiner	3 / drift
	A2.4	Etablere FACT ung team med Barne- og ungdomspsykiatrien (BUP, Helse Førde)	2027	Kommunalsjef helse og sosial	Kvalitet på forprosjektet og da evt. faktisk etablering i drift.	3 / tilskot
	A2.5	Videreutvikle og styrke støttekontaktordningen - Styrke koordinering mellom støttekontakter og øvrige tenester - Utvikle standardiserte rutinar for oppstart, oppfølging og evaluering av støttekontakt.	2027	Kommunalsjef helse og sosial	Antall søttekontakter. Brukerundersøking.	1/drift

		- Bruke støttekontakt aktivt som ein del av førebyggjande arbeid og meistringsbygging				
Delmål	Nr.					
	A3	Sikre gode bustader for barn som treng avlastningsbustad eller annen oppfølging				
Tiltak	Nr.	Beskrivelse	Frist	Ansvar		Trappa
	A3.1	Ha samlokaliserte og tilstrekkelig med avlastningsbustadar for barn	2029	Kommunalsjef helse	Antall egna bustadar for avlastning	4 / Må utredas, delvis Husbank finansiert

2.2.2 Delmål og tiltak mål B

B	Stryn kommune skal styrke helsefremmande og førebyggjande tenester for å fremje god helse, livskvalitet og meistring i befolkninga – og samtidig redusere behovet for omfattande og kostnadskrevjande helse- og omsorgstenester.					
Delmål	Nr.	Beskrivelse				
	B1	Alle innbyggerne i Stryn kommune skal ha mulighet til å gjøre gode valg for sin egen helse				
Tiltak	Nr.	Beskrivelse	Frist	Ansvar	Måleindikator	Trappa / økonomi
	B1.1	Hald fram med årlege treffpunkt der innbyggjarar kan få informasjon og inspirasjon til ulike tiltak dei kan gjera for å klara seg best mogleg på eiga hand. Til dømes Bu trygt heime fagdag.	Konti nuerli g	Kommunalsjef helse og sosial	Antall deltakarar på årleg treffpunkt.	1 / drift

B1.2	Tilgang til lett forståeleg helseinformasjon - Utarbeide og spre informasjon om kosthald, fysisk aktivitet, psykisk helse og rusførebygging på ein enkel og inkluderande måte. - Bruke fleire kanalar: nettside, sosiale medium, helsestasjon, bibliotek og frivilligsentralen. - Skjermar på butikkar og liknande?	Kontinuerlig	Kommunalsjef helse og sosial	Antall nye helseinformasjonsmaterielle utviklet per år (eks. brosjyrer, nettsidetekster, videoer, SoMe-innhold). Andel informasjonsmaterielle oversatt til flere språk. Spørreundersøkingar for å måle nytteverdi	1 / 50.000 pr.år
B1.3	Styrke helsefremjande møteplassar - Støtte og utvikle lågterskeltilbod som turgrupper, treningsaktivitetar, matkurs, samtalegrupper og sosiale treff. - Samarbeide med frivillige organisasjonar og lokale aktørar.	Kontinuerlig	Folkehelsekoordinator og samfunnskontakt	Tal samarbeid og aktivitetar gjennomført i lag med frivillige organisasjonar og lokale aktørar.	1 / drift + tilskot
B1.5	Helseveiledning og livsstilsrådgiving - Tilby individuell rettleiing gjennom helsestasjon og frisklivssentral. - Fokus på røykeslutt, kosthald, fysisk aktivitet og meistring av stress. Bidra til rusførebygging gjennom samtalar om sunne val, risikofaktorar og støtte til endring av uheldige vanar.	Kontinuerlig	Kommunalsjef helse og sosial	Antall deltakere på ulike aktivitetar	1 / drift

	B1.6	Styrke psykisk helse og livsmeistring - Arrangere kurs og samtalegrupper om tema som søvn, angst, depresjon og meistring. Gjerne i samarbeid med andre kommunar, helseforetaket eller andre. - Bruke digitale verktøy og lokale ressursar	Konti nuerli g	Kommunalsjef helse og sosial	Antall kurs og deltakrarar på ulike arrangement.	1
Delmål	Nr.	Beskrivelse				
	B2	Stryn kommune skal ha eit tett og gjensidig samarbeid med ulike frivillige organisasjonar				
Tiltak	Nr.	Beskrivelse	First	Ansvar	Måleindikator	Trappa
	B2.1	Etablere fast samarbeidsforum for frivillige som har aktivitet inn mot helsetenestene. • Opprette forum med representanter fra kommunen, frivilligsentralen og frivillige organisasjoner. • Møtes jevnlig (f.eks. kvartalsvis) for å drøfte behov, koordinere innsats og utvikle felles prosjekter. • Samfunnskoordinator får ein nøkkelrolle her	2026	Kommunalsjef helse og sosial	Eablering av forum med fast møtestruktur	1 / drift
	B2.2	Økt samarbeid med frivillige inn mot kommunale tenester, t.d. vaketeneste, besøksvener, turgrupper, følgjetenester eller aktivitetshjelparar på institusjonar (krev god opplæring og rettleiing)	2027	Kommunalsjef helse og sosial	Tal kommunale einingar som samarbeider aktivt med frivillige. Andel frivillige som har fått nødvendig opplæring og rettleiing.	1 / drift

Delmål	Nr.					
	B3	Styrke psykisk helse og livsmeistring i alle aldersgrupper				
Tiltak	Nr.	Beskrivelse	Frist	Ansvar	Måleindikator	Trappa
	B3.1	Etablere og videreutvikle lågterskel samtaletilbud og møteplassar for barn, unge og vaksne. Til døme: - Halde fram med drop-in-timar ved helsestasjon/skulehelseteneste for barn og unge. - Tilby «open dør»-samtalar for vaksne gjennom frisklivssentralen eller psykisk helseteneste. - Opprette «pårørandekafé» for familiar som lever med psykiske helseutfordringar eller rusproblem. - Bruke bibliotek, ungdomsklubb og kulturhus som inkluderande, uformelle møteplassar. Felles for disse er at det er lavterskel, rimelig eller gratis og krever ingen henvisning eller diagnose.	Kontinuerlig	Kommunedirektør	Antall lavterskeltilbud etablert og i drift. Antall deltakere/brukere per tilbud. Antall gjennomførte aktiviteter. Brukertilfredshet. Omfang av samarbeid med frivillighet og kultur.	1 / drift
	B3.2	Etablere Stryn kommune som ein ABC kommune for psykisk helse	2028	Kommunedirektør	Faktisk etablering av tverrsektorieltprosjekt.	1 /drift+tilskott
Delmål	Nr.					
	B4	Redusere risiko for psykisk uhelse og rusavhengigheit gjennom førebygging og tidleg innsats				
Tiltak	Nr.	Beskrivelse	Frist	Ansvar	Måleindikator	Trappa / Økonomi

	B4.1	Gjennomføre systematisk rusførebyggande arbeid i skule og fritidstilbod, med fokus på kunnskap, haldningar og meistring.	Kontinuerlig	Kommunalsjef helse og sosial	Andel skular og fritidstilbod som gjennomfører systematisk rusførebygging årleg. Tal gjennomførte aktivitetar med fokus på kunnskap, haldningar og meistring. Tal deltakarar i rusførebyggande tiltak.	1 / drift
--	------	--	--------------	------------------------------	--	-----------

2.2.3 Delmål og tiltak mål C

C	Stryn kommune skal sikre tilstrekkeleg og tilpassa butilbod for personar med behov for helse- og omsorgstenester, med vekt på omsorgsbustader og styrking av heimetenestene.					
Delmål	Nr.					
	C1	Etablere omsorgsbustader nær heimesjukepleiebasen				
Tiltak	Nr.	Tiltak	Frist	Ansvar	Måleindikator	Trappa/Økonomi
	C1.2	Lage investeringsplan for bruk av velferdsteknologi i omsorgsbustadar (eksisterande og nye)	2027	Kommunalsjef helse og sosial	Innvestering lagt inn i økonomiplan frå 2028 budsjettet.	4 / økonomiplan frå 2028
	C1.3	Planlegge og bygge omsorgsbustadar nær basen til heimesjukepleien i Stryn (Byggesteg 2).	2027	Kommunalsjef helse og sosial	Framdriftsplan til prosjektet	6 / økonomi utredes

	C1.5	Planlegge og bygge omsorgsbustadar nær heimesjukepleien i Vikane	2028	Kommunalsjef helse og sosial	Framdriftsplan til prosjektet	6 / økonomi utredes
Delmål	Nr.	Delmål				
	C2	Justere antall institusjonsplasser i tråd med kriteriene i innsatstrappa				
Tiltak	Nr.	Tiltak	Frist	Ansvar		
	C2.1	Justere tal institusjonsplassar i Vikane og Stryn i tråd med anbefalingar frå prosjektet «Byggesteg 2».	2029	Kommunalsjef helse og sosial		6 / økonomi utredes
	C2.2	Etablere eiga kortids- og rehabiliteringavdeling ved Stryn omsorgssenter.	2029	Kommunalsjef helse og sosial		5 / økonomi utredes
	C2.3	Ha fleire avlastningsplassar i Vikane og/eller Stryn, eksakt tal blir utreda i forbindelse med byggesteg 2.	2029	Kommunalsjef helse og sosial		økonomi utredes
Delmål	Nr.					
	C3	Egna bustad for personar med ulike funksjonsvariablar				
Tiltak	Nr.	Tiltak	Frist	Ansvar		
	C3.1	Ha gode og egna samlokaliserte bustadar for personar i ulik alder som har behov for heildøgns omsorg.	2030	Kommunalsjef helse og sosial		6/7 / utredes i forprosjekt

3. Organisering og ressursbruk

Etaten vil systematisk jobbe med ressursbruk og rekruttering og å følgja opp kompetansen i avdelingane. I 2026 vil kompetanseplanen bli revidert, det er sett ned ei arbeidsgruppe og dei vil følgja eit opplegg i regi av KS i revisjon av eksisterande kompetanseplan. Denne planen vil så bli systematisk følgt opp og vil eigast av nestleiar i etaten.

Ressursbruk av oppfølging av det enkelte tiltak i kommunedelplanen vil vere ein prioritering av midlar i driftsbudsjettet og eventuelle tilskotsmidlar.

4. Oppfølging

Alle tiltaka blir lagde inn i Framsikt i virkshomhetsplanen, etaten vil følgja opp tiltaka der. Tiltak som krev økonomi vil speglast i økonomiplanen.

På enkelte område blir det skrive årsrapportar, utover det skal måloppnåing av tiltaka rapporterast i årsplanen for etaten.